

Årsmelding for fotballgruppa 2008.

Styret i år har vore:

Leiar: Ingvard Olstad
Sportsleg leiar: Odd Repp
Leiar yngres avd.: Sigurd Synstnes
Styremedlem: Egil Håvard Moen
Leiar økonomiutval: Sissel Husom

Det har vore 5 styremøte i 2008. I tillegg har sportsleg utval hatt fleire møte og vi har hatt fleire møte for å planleggje og få til ei betre samhandling mellom A-lag og juniorlag. I oktober kalla vi inn trenarar, oppmen og andre fotballinteresserte til eit stormøte på Fossberg. Dette opplevde vi som svært positivt og mange tankar vart lufta og mykje av planlegginga for neste sesong kom godt i gang. Vi håpar å kunne få til noko liknande også neste haust.

Vi har i år hatt 17 lag med til saman om lag 180 aktive. I tillegg stiller det nok like mange foreldre og frivillige som tek eit tak på Fjordingsmartna, på trening, i kiosken i Grov og som loddseljarar eller billettørar samt kjøring på kamp o.a.

Det vart heller ikkje i år så mange tilskodarar i Grov som vi hadde håpa. Dette blir nok betre neste år.

Sportsleg vart det eit godt år for Lom. Opprykk til 3. div. for A-laget er naturlegvis det viktigaste som skjedde for fotballen i Lom i 2008. Lom er einaste laget i Gudbrandsdalen i 3. div. og vi håpar dette kan gje heile klubben eit lyft framover. Også fleire av dei yngre laga hadde ein god sesong. Enkelte hadde nesten ikkje tap, og treningsframmøte og innsats i kampane gjer at vi ser ljost på framtida for Lomsfotballen.

På haustkanten var det nokre møte regionalt med tanke på å få til eit samarbeid om seniorfotballen i Norddalen. Dette vart uaktuelt for oss sidan vi rykkte opp til 3. div. Slik stoda no er i Lom meiner vi at det er best å satsa på å stå utanfor eit samarbeid. Vi veit at Vågå og Otta vil prøve dette i 2009. Vi hadde eit samarbeid med Vågå om juniorlag i 2008 og erfaringane med dette og tidlegare forsøk på samarbeid gjer at vi meiner det er best å få til noko sjølv. Norddalssamarbeidet derimot fungerer godt, med god deltaking frå Lom.

Også i år hadde vi med lag i Norway cup. Som før var det J/G 14 som deltok med i alt 4 lag. Dette er ei stor oppleving for ungane og er noko vi vil fortsetja med, sjølv om det kostar ein del. Kanskje kan også J/G 16 få delta på ein eller annan cup i 2009. Og som vanleg var det avslutning med pizzakveld for dei yngre og fotballfest for A-laget etter sesongslutt.

Etter fleire år med bra økonomi gjekk vi i 2008 på ein smell. Rekneskapan viser eit underskot på kr. 120.000,-. Vi har nok hatt for mange uforutsette utgifter samstundes med at inntektene har svikta. Fjordingsmartna og lotteri vart 50.000,- mindre enn året før og reiseutgifter og drakter/utstyr vart mykje høgare enn året før. Vi må nok ha større fokus på utgiftene våre i 2009. Men det ser heldigvis ut til at opprykket til 3. div. kan gjera det lettare for oss å skaffe inntekter i 2009. Så langt ser det ut som vi er meir attraktive for sponsorane.

Ein stor takk til alle som tek eit tak for fotballen i Lom!

Ingvard Olstad